

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

10.06.2013

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag 14.06.2013 kl. 12.00
på Giske rådhus**

SAKLISTE:

Sak 13/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 7. mai 2013

Sak 14/13 - Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 01/2013 – gjennomgang av ressursbruk
og rutinar innan spesialundervisning i Giske kommune

Sak 15/13 - Møte med Giske formannskap om sluttavtale rådmann

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til
dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 07.05.2013 kl. 12.00

Møtestad: Skeidarbygget

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald
= 4 voterande

Anne Lise Hessen Følsvik hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Giske kommune møtte ordførar Knut Støbakk og økonomisjef Sigmund Strand.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 09/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 08.04. 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 21. mars 2013 blir godkjent.

**SAK 10/13
ÅRSMELDING 2012 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling datert 02.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Giske kommune til orientering

SAK 11/13
KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – GISKE KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.05.2013

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Giske kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent
2. Innan enkelte rammeområde ligg det føre overskridningar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.
3. Det blir vist til overbudsjetteringar i investeringsbudsjettet. Investeringsbudsjettet skal vere realistisk og det bør kome fram kvifor måla ikkje er nådd.

SAK 12/12
SLUTTAVTALE MED RÅDMANNEN (saka kom opp under eventuelt)

Det vart votering om saka skulle opp under eventuelt. Dette vart vedteke med 3 mot 1 røyst.
Det vart vidare ei votering om ordførar sin habilitet skulle bli juridisk vurdert. Dette fall med 3 mot 1 røyst. Formannskapet sitt brev i saka vart deretter delt ut.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sluttavtale med rådmann blir utgreidd.

Dag Oksnes leiar (sign.)	Arnfinn Rune Giske medlem (sign.)	Harald Hole medlem (sign.)	Ruth Roald medlem (sign.)
--------------------------------	---	----------------------------------	---------------------------------

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Giske kommune

Dato: 10.06.2013

SAK 14/13

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT NR. 01/2013 – GJENNOMGANG AV
RESSURSBRUK OG RUTINAR INNAN SPESIALUNDERVISNING I GISKE
KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nemnt ovanfor

Undersøkninga har 3 problemstillingar:

1. Er prinsippa for tildeling av ressursar til grunnskulen god, irekna om dei er eigna til å støtte opp under budsjettbalansen i kommunen?
2. Er rutinane for tildeling av spesialundervisning eigna til å støtte opp under ei tildeling der dei grunnleggjande krava i forvaltningslova er ivareteke?
3. Er det stilt krav til, og gjort evalueringar av, rektorane med omsyn til utvikling og oppfølging av den tilpassa opplæringa?

Vedkomande problemstilling 1

Kommunane skal ha gode og oversiktlege fordelingsmodellar. Det har for så vidt Giske kommune, men budsjett blir ikkje fordelt etter denne modellen, men som eit påslag frå fjaråret sitt budsjett. Når skulane periodevis også slit med mykje meirforbruk er ikkje desse påslaga særleg tilpassa det driftsnivået som skulane ligg på når budsjettet blir vedteke. Fordelingsmodellen i Giske kommune blir nytta til å strukturere diskusjonen omkring dei omfordelingane som blir gjort gjennom året.

Kommunerevisjonen sin gjennomgang viser at vesentlege driftsføresetnader varierer mykje frå år til år, og då særleg omfanget av spesialundervisning ved nokre av skulane.

Kommunerevisjonen er for så vidt ikkje kritisk til modellen med påslag kombinert med ei aktiv oppfølging og justering gjennom året, men vil anbefale at ei eventuell gruppe også drøftar prinsipp for ressursfordeling som også gjeld i opphavleg budsjett.

Vedkomande problemstilling 2

Gjennomgangen viser at kommunen i all hovudsak arbeider godt og systematisk med tildeling av spesialundervisning. Kommunerevisjonen ser alvorlig på den lange tida det tar i Giske kommune frå tilvising til det det ligg føre ei sakkunnig vurdering. Vidare at status med omsyn til tid ikkje blir rapportert formelt og regelmessig oppover til rådmannen og kommunestyret. PPT har truleg har vore lågt bemanna over tid, men har i den seinare tid fått tilført meir stillingsressursar. Kommunerevisjonen er likevel usikker på om desse tiltaka er nok med omsyn til å få ventetida i saksgangen innanfor lovkrava.

Kommunerevisjonen viser til det ansvar rådmannen har for å sørge for at tida i saksgangen er innanfor dei krav som er sett av lov. Ansvaret ligg likevel i siste instans til kommunestyret og det er viktig å følgje opp saksbehandlingstida til PPT i åra framover. Kommunerevisjonen viser til at saksbehandlingsstida er så lang at det er ein stor risiko for at den kan gå vesentleg utover det tilbodet som elevane har krav på etter lova.

Vedkomande problemstilling 3

Kommunerevisjonen sitt generelle intrykk er at det ikkje blir arbeidd systematisk og målretta med å vri frå spesialundervisning til ordinær tilpassa undervisning i Giske kommune. Det blir derfor anbefalt å sette ned ei gruppe samansett av politikarar, rådmann og einingsleiarar som kan utvikle gode strategiar med å få ressursbruken over frå spesialundervisning til ordiner tilpassa opplæring.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :

1. Giske kommunestyre tek forvalningsrevisjonsrapport nr. 1 2013 om ressursbruk og rutinar innan spesialundervisning i Giske kommune til orientering.
2. Giske kommunestyre føreset at manglar knytt til dei tre problemstillingane nemnt innleatingsvis i saka og som forvalningsrevisjonsrapporten rettar seg mot blir betra.
3. Det blir tilrådd ei arbeidsgruppe for å utvikle strategiar og ressursfordeling.

Harald Rogn
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Giske kommune

Dato: 10.06.2013

SAK 15/13

MØTE MED GISKE FORMANNSKAP OM SLUTTAVTALE RÅDMANN

Som vedlegg følgjer:

- Notat datert 10.05.2013 frå advokat Kjetil Kvammen

Dette notatet er sendt ordførar til høyring slik at behandling frå kontrollutvalet si side vil
måtte kome på eit seinare tidspunkt.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT

Til

Kontrollutvalgssekretariat: SKS IKS

Dato for utarbeiding av notatet: 10.05.2013

Sak: Avtale mellom Giske kommune og rådmann Bostad om sluttlønn og retrettstilling

Fokus: Formannskapsvedtak: - 11.02.2013, saksnr.: 018/13
- 29.04.2013, saksnr.: 047/13,

Om formannskapets hadde den nødvendige avgjørelsesmyndighet på vegne av kommunen - delegeringsspørsmål – spørsmål om tildeling av fullmakt

1. Utgangspunkt

Kommuneloven § 8 nr. 3: "Formannskapet .. kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov." Kompetansen tildeles ved delegasjon

Former for delegasjon:

- delegeringsvedtak for den enkelte sak (dette forekommer ikke her)
- bestemmelser i kommunens generelle delegeringsreglement, jfr. del B3: Delegeringsreglement for formannskapet, (vedtatt mars 2008)

Delegasjon ikke mulig når:

- avgjørelsen hører under kommunestyret "selv"
- det er klart utfra sakens karakter eller sammenhengen at avgjørelsen ikke skulle kunne delegeres

2. Henvisninger til delegasjonsreglementet i forhold til saken

<u>Henvisning i reglementet</u>	<u>Hvilken myndighet som tildeles</u>
<u>Formannskapet</u>	
- B3 A)	Generell delegering i medhald av kommunelova "--- å gjere vedtak i alle saker innanfor deira sak- og ansvarsområde som det i medhald av lover og forskrifter er tillate å delegere, og som kommunestyret ikkje sjølv skal avgjere..."
- B3 C	Overordna ikkje lovfesta saker som formannskapet avgjer
- B3 C1)	Personalsaker
- B3 C 1.2	"Godkjenne lokale forhandlingar om løns- og arbeidsvilkår for rådmannen....dvs....som det blir ført forhandlingar for med heimel i hovudtariffavtalen punkt 3.4."
<u>Forhandlingsutvalget</u>	
- B6	"Forhandlingsutvalet førebur og gjennomfører.. lønnsforhandlingar med heimel i Hovudtariffavtalen med rådmannen.. Dette så langt kommunestyret sjølv skal avgjere saka, jfr. Del B 2)".
<u>Kommunestyret</u>	
B2	"Delegeringsreglement for kommunestyret" "Kommunestyret skal behandle/gjere vedtak i alle saker som...[.] er av overordna og/eller av større prinsipiell karakter – jfr. § 6 i kommunelova.
B2 A)	Overordna, ikkje lovfesta saker som kommunestyret avgjer .
B2 A1)	Prinsipelle saker: ---- - Langsiktige avtalar av prinsippell art ----
B2 A2)	- Vedtak om hovudlinene i den administrative organiseringa Saker knytt til arbeidsgjevarfunksjonen: - Overordna arbeidsgjevarpolitikk m.a. nedfelt i aktuelle temaplanar - Personalpolitiske mål og retningsliner
<u>Generelt</u>	
B1	Generelle reglar om bruk av delegert fullmakt
B1 1	Hovudregel
B1 1.2	"Ei sak vert oppfatta som kurant/ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningsliner o.l for korleis ho skal behandlast, og/eller ein har praksis for behandling av tilsvarande saker."

3. Formannskapets myndighet til å opprette og nedlegge stillinger

3.1. Kommuneloven § 24 og delegasjonsreglementet

Loven åpner for delegasjon innenfor lovens rammer.

Det fremgår av delegasjonsreglementet pkt. B2 B1) at eventuell tildeling til rådmannen av "mynde til å opprette og nedlegge stillingar og til å treffe vedtak i personalsaker" skal foretas av kommunestyret selv.

Men kommunestyret har ikke i forhold til formannskapet "selv" forbeholdt seg slikt "mynde til å opprette og nedlegge stillingar og til å treffe vedtak i personalsaker".

Det må bety at kompetansen er innlemmet i "Generell delegering" fra kommunestyret "til formannskapet og underutvala å gjere vedtak" i disse sakstypene, selv om denne myndighetsoverføringen er formulert svært vidt og altomfattende, så lenge man er innenfor loven. Det vises til delegasjonsreglementet pkt. B3 A) (se ovenfor under "Formannskapet").

Det kan ellers nevnes at etter delegasjonsreglementet pkt. B3 C1.1 (se ovenfor) har formannskapet også myndighet til å treffe vedtak om tilsetting/konstituering, oppsigelse osv.

4. Forhold som taler mot at kompetansen skal anses delegert til formannskapet

4.1. Sakens prinsipielle art

Av ovenstående kan det utledes at formannskapet ikke har kompetanse til å avgjøre en sak av prinsipiell art og som samtidig er langsiktig. Det kan i den sammenheng bl.a. legges vekt på:

Avtalens egenart:

- løsningene er ikke i samsvar med rådmannens individuelle arbeidsavtale av 01.04.2011
- et lønnshopp på kr. 125.000 fra kr. 875.000, dvs. vel 14 %, er ikke reelt begrunnet, f.eks. i arbeids- eller opptjeningsforhold
- det er ikke redegjort for forventede endringer i arbeidsbyrde eller ansvarsforhold – en retrett indikerer normalt det motsatte
- at noen sikrer seg økte fordeler uten økt motytelse må vurderes opp mot kommunens etiske regelverk, både i forhold til personalpolitisk likebehandling og opp mot pensjonsgoder som har innslag av avvik fra det normale i arbeidslivet
- initiativet kommer fra rådmannen selv som ledd i hans oppsigelse

- formålet synes å være økning i pensjonsgrunnlag, ikke høyere lønn i noen få gjenstående måneder
- det resultatet som er tilskiktet er ikke en del av kommunens tidligere fastlagte personalpolitikk

Retrettstillingen:

- stillingen er opprettet ad hoc og er koblet til en klart situasjonsbetinget fordelsordning for en enkelt arbeidstaker
- arbeidsavtalen er samtidig ikke av midlertidig karakter, den er derfor heller ikke vurdert etter arbeidsmiljøloven § 14-9 som begrenser adgangen til midlertidig ansettelse
- stillingen er ikke kunngjort offentlig slik faste stillinger i kommunen normalt blir
- stillingen skiller seg fra det partene avtalte i arbeidsavtale mindre enn et år i forvegen (01.04.2011): nemlig at det kan søkes om "avløysing fra leiarfunksjonen for å gå over i anna funksjon/stiling i kommunen" og slik at rådmannen da beholder "tidlegare lønsplassering"
- det legges opp til 13,5 timers arbeidsuke. Ved 14 timer ville det eksempelvis oppstå krav om innmelding i KLP – dette forsterker inntrykket av at stillingen er opprettet i arbeidstakerens interesse, og gjerne slik at den også gjenspeiler dennes særlege innflytelse

Reglementet:

- Giske kommune har ikke tidligere praksis for behandling av tilsvarende sak. Saken er derfor prinsipiell etter den definisjonen som er gitt i delegansjonsreglementet pkt. B1 1.2 (jfr. ovenfor).
- en kan ikke utelukke at de oppnådde fordele for enkelte arbeidstakere vil skape presedens

5. Foreløpig konklusjon

Det følger av delegeringsreglementet at kommunestyret selv skal behandle bl.a. langsigktige avtaler av prinsipiell art eller saker som..[.] er av overordna og/eller av større prinsipiell karakter.

Reglementet har selv en definisjon av hva som i denne forbindelse skal oppfattes som prinsipielt. Det er da lagt vekt på om "ein har praksis for behandling av tilsvarande saker". Slik praksis er ikke dokumentert i kommunen. På den annen side er det ikke tale om omorganisering.

På den annen side er det ikke tale om omorganisering.

Utfra at dette heller ikke gjelder en individuell arbeidsavtale som er vanlig, men som er koblet til løsninger der det kan stilles spørsmål ved den etiske side f.eks. når det gjelder pensjonsgrunnlaget, synes et krav om kommunestyrets behandling å ha de beste grunner for seg.

Kjetil Kvammen
advokat